



Årdal kommune

Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 19.04.2021

Møtetid:

Kl. 09.00 - 11.00

Møtestad: Møterom Kantina

Saksnr.:

Følgjande medlem møte	Parti
Dag Audun Strand	
Heidi Mørkrid	
Karin Moen	
Øystein Jarle Wangen	
Line Hillestad	AP

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møte	Parti
Patricia Seglem Lægreid			

Møteleiar:	Øystein Jarle Wangen
Frå adm. møte:	Møtesekretær
Dokument utlevert i møtet:	
Synfaring:	

Merknader:

Underskrifter:

Karin Moen

Dag Audun Strand

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
008/21	Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll
009/21	Tilkomst kommunale bygg
010/21	Garderobe for menneske med nedsett funksjonsevne i Årdalshallen
011/21	Fellesmøte med Eldrerådet
012/21	Fotterapeut
013/21	Ymse

008/21: Godkjenning av innkalling, signering av møteprotokoll

19.04.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Kområd- 008/21 Vedtak:

Ingen innvendingar til innkallinga. Karin og Dag Audun signerar protokollen

009/21: Tilkomst kommunale bygg

19.04.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Kjell Jevnaker fortalte utfyllande om sine opplevingar av tilkomsten til Årdal Legekontor og Helsestasjonen (2.etg). Han kunne og fortelja at han hadde hatt ein gjennomgong med Frank Runar Øren og Nedim Turkovic for utbedring av utfordringane knytt til legekontoret, men ikkje helsestasjonen.

Kjell hadde og ein del innspel med tanke på friluftsbada i kommunen. F.eks kunne ein fått installert ein rampe inn og ut av vatnet slik at dei som var lite mobile kunne nytta denne framfor å lata vera å nytt friluftsbada då stolheisen følast nedverdigande og stigane er umogleg å nytta.

Rådet lurte på om Kjell kan delta på synfaringar saman med rådet ved fleire kommunale bygg slik at ein kunne laga ein rapport ein kunne ta vidare.

Kområd- 009/21 Vedtak:

Saka jobbast vidare med.

010/21: Garderobe for menneske med nedsett funksjonsevne i Årdalshallen

Tilråding:

Kommunalt råd ynskjer å fremje saka for Helse og omsorgsutvalet i kommunen for vidare handsaming.

19.04.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Kjell etterlyse betre tilgjengelegheit for rullestolbruuarar og eldre til bassenget i kommunen, dei eldre oppleve stolheisen nedverdigande og kjem dermed ikkje på besøk i bassenget. Ein

rampe som lett kan takast ut og opp av vatnet vil løysa denne utfordringa.

Garderoben er rådet klar over betyr at Årdalshallen må gjennomgå ei større rehabilitering, dette må planleggast og budsjetterast, og vil kosta mykje pengar.

Rådet gjev ikkje slepp på denne saka. Kjell Jevnaker deltek gjerne på synfaring ved behov (samsvar med sak 009/21)

Kområd- 010/21 Vedtak:

Saka skal jobbast vidare med.

011/21: Fellesmøte med Eldrerådet

19.04.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Kområd- 011/21 Vedtak:

Kommunalt råd forslår dette:

Slå saman 1. og 7. juni møtet

Setja inn eit ekstra møte i november felles

012/21: Fotterapeut

19.04.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Kommunalsjefen gjorde rådet oppmerksam på at lokalet til fotterapeuten er no planlagt nytta til å laga nytt handikaptoalett.

Kområd- 012/21 Vedtak:

Øystein og Steinar lagar eit skriv som vert levert Mette Hestetur Berg, slik at dette vert registrert i det kommunale systemet.

Me diskuterar saka vidare på fyrst fellesmøte med eldrerådet i juni.

013/21: Ymse

19.04.2021 Kommunalt råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Møtebehandling:

Dag Audun kom med følgjande sak:

han lurar på om kommunen har oversikt over kva sjelede med liva og tilbuda til personar innan psykisk helse og fysisk handikap. Skulle ein ha fått kommunen til å laga ein rapport? Rådet konkluderte med at ein følgjer med på rapportar kjem ut frå andre framover. Så tek me saka opp at på eit seinare møte

Kområd- 013/21 Vedtak:

Ymse vart teke til vitande.